



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Valstyret

Møtedato: Sak nr:
23.05. 2011 7/11

Saksbehandler: Wigdis B Detlie
Arkivsak: 10/854-72

Arkiv: 014

KOMMUNESTYREVALET 2011 - GODKJENNING AV LISTER

Frist for innlevering av partilister var 31.03.11. (Jf § 6-1).

8 parti leverte liste innan fristen gjekk ut:

Arbeiderpartiet
Fremskrittspartiet
Høyre
Kristelig Folkeparti
Rødt
Senterpartiet
Sosialistisk Venstreparti
Venstre

Det er sendt brev, datert 18.04.11 til alle listekandidatane. Fristen for å krevje fritak blei sett til 30. april 2011.

Partia kan trekkje listeforslaget eller gjere endringar fram til 20.04.11.

Venstre har innan fristen gitt melding om at kandidat nr 14 blir trekt frå listeforslaget.

Høyre har innan fristen gitt melding om at kandidat nr 23 blir trekt frå lista.

Fremskrittspartiet har gitt melding om at kandidat nr 16, 17 og 28 blir trekt frå lista.

Innan fristen 30. april 2011 har kandidat Kåre Godtfred Sele, nr 20 på Fremskrittspartiet si liste søkt om fritak på grunn av at han skal flytta frå Klepp kommune før valdagen og derfor ikkje er valbar.

Kandidat Kristian Bregård, nr 15 på Kristelig Folkeparti si liste har søkt fritak på grunn av at han skal opphalda seg utanlands.

Partia har gitt melding om at kandidatane kan strykast frå lista. Kandidatane bak rykkjer opp i uendra rekkefølge.

Alle dei aktuelle listekandidatane er kontrollerte og samtlege er valbare.

Vedlegg

- Listeforslaga frå partia

Innstilling:

Rådmannen tilrår slikt vedtak:

1. Kandidat Kåre Godtfred Sele på Fremskrittspartiet si liste og Kristian Bregård på Kristelig Folkeparti si liste, blir fritekne frå å stå på valliste.
2. Valstyret godkjenner partilistene til kommunestyrevalet 2011.

Valstyret den 23.05.2011 sak 7/11

Einstemmig VEDTAK:

Tilrådinga blei godkjent.